

Til Radøy kommune

kulturavdelinga

Frå Manger IL

v/styret

Manger 29.08.2019

## Søknad ekstraordinære midlar anlegg, Manger IL - Grønålen

Manger IL takkar Radøy kommune for godt initiativ. Som kommunen veit, har laget ei tid vurdert ulike løysingar for å utnytta området nord for 11ar bana i Grønålen for å skapa meir aktivitet. Vi håpar å få noko av dei ekstra midlane som no er stilt til rådvelde, for å kunna realisera planane.

Radøy FK som er leigetakar på bana, melder at dei treng meir plass til barnefotball. Særleg er det 5ar og 3ar fotball som no veks fram. Manger IL sjølv ønskjer å skapa meir variert aktivitetstilbod. Radøy kommune har tidlegare gitt uttrykk for at ein ønskjer moglegheit for islegging om vinteren.

Vi søkjer difor om inntil 200 000 i tilskot til 3 ulike tiltak;

1. Minibane kunstgras, inkludert sikkerhetsnett mot 11ar bana. Det vil bli nytta kunstgras av den nye typen med berre innfyll av sand.
2. Pumptrack, element-sykelbane plassert på kunstgras underlag.
3. Innkjøp av lkadan golvplater som kan leggest raskt oppå kunstgraset som underlag for legging av skøyteis. Bygging av lagerbod i nordaustre hjørne for oppbevaring av plastgolv.

Kostnadar med planering/avretting og nødvendig asfaltering i ytterkant av området er i vedlagt kostnadsoverslag fordelt mellom minibane og pumptrack etter areal. Desse kostnadane har entreprenør Rune Ulvatn ved Johannes Dale stipulert til 300 000+mvh.

Manger IL har god eigenkapital, og moglegheit til å auka laget si lånegjeld for ein avgrensa periode. Dersom vi får støtte, vil laget gjennomføra planering av heile området. Samstundes er total kostnad for dei tre prosjekta så høg, at laget er avhengig av støtte dersom alt skal realiserast. Dersom vi må gjera dette trinnvis, er prioriterte rekkefølge; 1. minibane, 2. pumptrack, 3. skøyteis. Realistisk framdriftsplan er planering no i vinter, kunstgras vår 2020, og innkjøp dekke for is og lagerbod haust 2020.



Mvh for Manger IL, Atle Vaage nestleiar styret

**Vedlegg: Skisse og kostnadsoverslag**